

Årsrapport 2021 – Språkpolitisk utval

Innhald

Innleiing	2
Språkpolitisk utval	2
Medlemmer og utvalsmøte.....	3
Språkarbeid ved HVL i 2021.....	4
Språkpris	4
Språkdagen	6
Rapportering til Språkrådet.....	7
Norskkurs for tilsette som ikkje har norsk som morsmål.....	10
Ny språklov – mønsterpraksis for språkarbeid.....	11
Universitetsnamn	11
Nynorsk læringsplattform	11
Arrangement og innlegg.....	12
Diku-rapport: “Språkstrategiar i høgare utdanning”.....	12
UiB-webinar om språkpolitikk: «Fra prinsipp til handling»	12
LNK-landstinget	12
Språkdebatt: God norsk ved HVL	12
Språkressurside på intranett	13
Nynorsk kultursentrum	13
UHRS termgruppe.....	13
Vegen vidare – prioriteringar for 2022.....	13

Innleiing

Høgskulen på Vestlandet har heilt i frå starten i 2017 satsa på språkarbeid. Mellom anna står det i strategien vår at vi har ein tydeleg nynorsk profil, og at vi skal arbeide aktivt for norsk som eit fullverdig vitskapeleg språk. Språkarbeidet ved HVL famnar om svært mange ulike ting, og går på tvers i organisasjonen. Det omfattar alt i frå å legge til rette for kurstilbod og støttetenester innan nynorsk, engelsk, teiknspråk og akademisk skriving, til større utgreiingar og rapporteringar og viktige markeringar, som til dømes utdeling av språkprisen. Det siste året har HVL også for første gong arrangert ein språkdag for tilsette og studentar.

Språkpolitisk utval

Styret ved HVL vedtok våren 2018 HVL sine språkpolitiske retningslinjer. Dei språkpolitiske retningslinjene for HVL er utforma med tanke på at «høgskulen skal kunne vere eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular når det gjeld god og rett bruk av språket; særleg nynorsk, men òg bokmål og teiknspråk. Høgskulen ønskjer dessutan å finne ein god balanse mellom bruken av norsk og det viktigaste parallelspråket, engelsk, både når det gjeld utdanning, forsking og formidling.

I følgje retningslinjene skal eit eige språkpolitisk utval, oppnemnt av rektor, ha ansvar for oppfølging og gjennomføring av dei språkpolitiske retningslinjene og for høgskulens språkpolitikk. Utvalet skal kvart år lage ein rapport til styret for HVL om utviklinga på det språkpolitiske feltet.

Utvalet skal spesielt sjå til at:

- høgskulen står fram med ein tydeleg nynorsk profil
- klarspråk vert lagt til grunn for skriftleg og munnleg kommunikasjon frå og ved høgskulen
- ingen av dei to norske målformene er representerte med mindre enn 25 prosent
- høgskulen tek eit særleg ansvar for å ta i vare og utvikle eit god norsk, særleg nynorsk, språk innanfor dei profesjons- og arbeidslivsretta faga og utdanningane ved HVL
- høgskulen finn ein rimeleg balanse mellom bruken av norsk og engelsk i undervisning, forsking og formidling
- forholda vert lagde til rette for bruk av norsk som vitskapleg språk ved HVL
- digitale og andre språklege hjelpemiddel er lett tilgjengelege både for tilsette og studentar ved høgskulen

Oppfølging av dei språkpolitiske retningslinjene krev auka språkleg medvit og kompetanse ved HVL.

Det er såleis ei viktig oppgåve for utvalet å sørge for tilbod av:

- relevante opplæringskurs (særleg nynorsk, engelsk)
- enkle skrivereglar på norsk (bokmål og nynorsk)
- kurs i teiknspråk
- kartlegging av språksituasjonen og opplæringsbehova blant ulike grupper tilsette og studentar
- Utvalet skal lage toårige handlingsplanar og årleg rapportere til styret om arbeidet sitt.
- Utvalet skal òg utarbeide budsjett for å kunne prioritere mellom dei ulike tiltaka og oppgåvene som vert føreslegne.

Medlemmer og utvalsmøte

Språkpolitisk utval blei oppnemnt hausten 2018. Prorektor for samhandling, Liv Reidun Grimstvedt, leia utvalet fram til 1.8.2020, då åremålsperioden hennar gjekk ut. Prorektor for regional utvikling, Geir Kåre Resaland tok over for Grimstvedt, og skal leie utvalet ut funksjonsperioden, som varar fram til 31.7.2022.

Dei andre medlemmane i språkpolitisk utval var i 2021:

- Grete Netteland (dekan, Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap)
- Tarald Seldal (instituttleiar, Fakultet for ingeniør- og naturvitskap)
- Eli Bjørhusdal (professor, Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett)
- Alice Kvåle (prodekan for forsking ved Fakultet for helse- og sosialvitskap)
- Svein Ove Eikenes (avdelingsleiar for avdeling for kommunikasjon)
- Bettina Henriette Strand Vik (Studenttinget på Vestlandet)
- Torstein Bakketun Kyte (Studenttinget på Vestlandet)

Sidan våren 2019 har det vore sett av ein 50 prosent stillingsressurs ved Avdeling for kommunikasjon og samfunnkontakt som er dedikert til å følgje opp språkarbeidet ved høgskulen i det daglege. Elin Espe Stensvand er tilsett som rådgivar med særskilt ansvar for språkpolitikk ved høgskulen, og er sekretær for utvalet.

Utvalet gjennomførte til saman tre møte i 2021: 27. mai, 24. september og 22. november. Sakspapir og referat frå utvalsmøtene blir publiserte i publiseringssløysinga Opengov og er tilgjengeleg både internt og eksternt. Utvalet handsama til saman 17 saker i 2021.

Språkarbeid ved HVL i 2021

Under gir vi ei oppsummering av dei viktigaste språksakene ved HVL i 2021.

Språkpris

Språkpolitisk utval vedtok i 2019 å starte arbeidet med å få på plass ein språkpris ved HVL. Tiltaket er også forankra i utvalet si handlingsplan.

HVL har no tre priser på institusjonsnivå i tillegg til språkprisen. Dette er pris for utdanningskvalitet, FoU-prisen og Pris for likestilling, inkludering og mangfald.

Etter tildelinga av den første språkprisen i 2020, vedtok utvalet å gjere nokre endringar og spisse statuttane før neste tildeling. Oppdaterte statuttar for HVL sin språkpris blei vedtatt av språkpolitisk utval i møtet 27.5 2021:

HVL sin språkpris er ein årleg pris som er oppretta for å stimulere og gi anerkjenning til fagmiljø eller enkeltpersonar ved HVL som har gjort ein systematisk innsats for å jobbe med formidling og norsk fagspråk.

Ved tildelinga av prisen skal sterkt fagleg formidling og eit godt, klart språk, i tråd med dei språkpolitiske retningslinjene til HVL, vektleggast.

1. *HVL sin språkpris blir delt ut til fagmiljø eller enkeltpersonar ved høgskulen som har markert seg når det gjeld formidling på eit godt, norsk fagspråk, og gjerne på nynorsk.*
2. *Prisen blir tildelt kandidatar som har gjort ein merkbar innsats for å formidle faget eller forskinga si på norsk på ein framifrå måte. Det blir lagt vekt på gjennomslagskraft og synlegheit lokalt/regionalt og eit godt, klart språk. Arbeid for å ta vare på og utvikle fagterminologi innan fagområde som gjerne er prega av engelsk vil også kvalifisere til prisen.*
3. *Alle tilsette, studentar og formelle høgskule- og studentorgan kan melde inn framlegg til kandidatar. Forslaga må grunngjevast.*
4. *Språkpolitisk utval oppnemner ein jury som vurderer kandidatane.*
5. *Prisen er på 25.000 kroner. Prispengane skal brukast til tiltak som kan bidra til vidare godt arbeid med språk og formidling, og prisvinnaren skal informere språkpolitisk utval om kva pengane blir brukt til.*

Prisen blir lyst ut, og utdelt, i haustsemesteret.

HVL sin første språkpris blei tildelt førsteamanensis Rune Herheim ved FLKI i desember 2020.

Språkprisen blei lyst ut for andre gong i oktober 2021. Utlysinga av språkprisen blei offentleggjort i ei sak på Vestbylen: <https://www.hvl.no/Vestbylen/nyhende/2021/oktober/sprakprisen-2021/> Då fristen gikk ut, var det kome inn fem nominasjonar:

- Katrine Sele, rådgivar ved avdeling for kommunikasjon
- Falturiltu-festivalen. Nynorsk barnebokfestival, HVL Stord

- Peter Brekken Torheim, rådgivar
- Per Eilif Thorvaldsen, førsteamanuensis ved Institutt for dataeknologi, elekroteknologi og realfag (to ulike nominasjonar)

I møtet i språkpolitisk utval 22. desember, gjekk utvalet, som også var jury, gjennom lista over nominerte og diskuterte dei ulike kandidatane. Til slutt blei det einigheit om å dele prisen mellom rådgivar Katrine Sele og førsteamanuensis Per Eilif Thorvaldsen.

Dette var grunngivingane:

Per Eilif Thorvaldsen, førsteamanuensis ved Institutt for dataeknologi, elekroteknologi og realfag
Per E. Thorvaldsen er ein engasjert formidlar, som ytrar seg i ei rekke kanalar. Han har mellom anna skrive ei mengd kronikkar og debattinnlegg i norske aviser, har ein eigen youtube-kanal og ei teknologispalte i Dag og Tid. Thorvaldsen har også skrive fleire lærebøker i elektrofag på norsk, og bidreg med dette til å bevare og utvikle norsk terminologi innan fagområde der engelsk stadig brer om seg.

Katrine Sele, rådgivar i avdeling for kommunikasjon

Sele er ei ein eigen klasse når det gjeld formidling av vanskelege tema. Ho er ikkje redd for å ta tak i abstrakte og lite tilgjengelege fagområde når ho skriv om forsking, og greier på ein framifrå måte å gjere dette til tekstar som flyt lett for lesaren. Fagtilsette opplever i møte med Sele at dei sjølve, og ekspertområda deira, blir svært godt ivaretakne i tekstane hennar, og at forskingsformidlinga gjev ein ekstra dimensjon til resultata. I tillegg bidreg Sele sitt arbeid til at vanskelege faguttrykk på engelsk blir lettare tilgjengelege for både studentar og årmenta gjennom den populærvitenskaplege formidlinga på nynorsk.




Publisert 01.12.21 - 12:28
Endra 01.12.21 - 16:54

Per Eilif Thorvaldsen og Katrine Sele deler språkprisen frå Høgskulen på Vestlandet i år.

Per Eilif Thorvaldsen og Katrine Sele har vunne HVL sin språkpris

Høgskulen på Vestlandet sin språkpris for 2021 går til førsteamanuensis Per Eilif Thorvaldsen og rådgivar Katrine Sele.

Prisen på 25.000 blei delt mellom dei to vinnarane, og den blei delt ut på språkdagen (sjå punktet under) 1. desember, og deretter offentleggjort i ei eiga sak på Vestibylen og hvl.no.

Språkdagen

I mandatet til språkpolitisk utval står det at utvalet skal sjå til at språk og språkpolitikk vert ein synleg del av verksemda ved HVL. I møtet 27.5.2021

vedtok utvalet å

starte eit arbeid med å arrangere ein årleg språkdag ved høgskulen. Det blei bestemt at språkdagen 2021 skulle vere eit digitalt arrangement, med varighet på to timer, der ein kunne dele gode språktiltak på tvers i organisasjonen.

Språkdagen blei arrangert 1. desember 2021. Programmet for dagen var:

Språkdagen ved HVL

Velkomsthelsing	Programleiar og leiar for språkpolitisk utval, Geir Kåre Resaland og rektor Gunnar Yttri ønskar velkommen
Sjukepleienorsk for fleirspråklege sjukepleiestudentar	Ingrid Gilje Heiberg, førstelektor ved Institutt for helse- og omsorgsvitskap, held innlegg om pilotprosjektet Sjukepleienorsk
Nynorsk i lærarutdanninga: Von om betre tider?	Ida Marie Jegteberg, tidlegare masterstudent ved HVL, presenterer masteroppgåva si om nynorsk i lærarutdanninga
Nynorsk og språkleg mangfold	Jens Kihl, kulturredaktør i BT, kåserer om nynorsk og språkleg mangfold
Panelsamtale om norsk fagspråk	Deltakarar: Rune Herheim (førsteamansis i matematikkdidaktikk og tidlegare språkprisvinnar), Ingrid Gilje Heiberg

(førstelektor ved institutt for helse- og
omsorgsvitskap og prosjektleiar for
Sjukepleienorsk), Caroline Graave Nakling
(Studenttinget og tidlegare
barnehagelærarstudent) og Jelle Sebasian Bruin
(Studenttinget og tidlegare
maskiningenniørstudent)

Utdeling av språkprisen

Rektor Gunnar Yttri deler ut Høgskulen på
Vestlandet sin språkpris til rådgivar Katrine Sele
og førsteamenuensis Per Thorvaldsen

Avslutning

Rektor Gunnar Yttri delte ut språkprisen digitalt til vinnarane av språkprisen 2021, rådgivar Katrine Sele og førsteamenuensis Per Eilif Thorvaldsen. På biletet ser vi også prorektor Geir Kåre Resaland, som er leiar for språkpolitisk utval og som var programleiar for Språkdagen.



Språkdagen var ei nyvinning ved HVL, og arrangementet har fått gode tilbakemeldingar. Språkpolitisk utval tar med erfaringane til arbeidet med neste språkdag.

Rapportering til Språkrådet

HVL har valt nynorsk som hovudmålform, og ønsker å stå fram med ein tydeleg nynorsk profil. HVL har sitt kjerneområde i ein region der andre store offentlege aktørar, som Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland, også har nynorsk som målform. Det er viktig for nynorsken, som

nasjonalt er eit mindre språk enn bokmål, at sentrale institusjonar i kjerneområdet støttar opp om og er aktive brukarar av dette språket.

Sentrale statsorgan skal kvart år rapportere om bruken av bokmål og nynorsk til Språkrådet. HVL leverte i januar 2021 rapport for 2020, og fekk 3.6.2021 tilbakemelding frå Språkrådet:

Rapporten viser som venta at Høgskulen på Vestlandet både kjenner mållovsreglane godt og veit å følgje dei. De har fått på plass solide rutinar. Vi er glade for at de ville vere pilotgruppe for det digitale nynorskkurset vårt i fjor haust og håpar de har fått nytte av kunnskapen frå kurset.

Målfrid (digitalt verktøy til analyse av tekstar på nett) tillegg Høgskulen på Vestlandet eigarskapet for nettsidene til Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet (nettsidene mhfa.no og aktiviteteskassen.no) og Senter for nye medium (ebpsteps.no). Hugs at de også på denne siste nettsida og den tilhøyrande appen må veksle mellom skriftspråka, om det er slik at Høgskulen på Vestlandet står som «avsender». Etterlevinga av mållova ikkje er avgrensa til enkeltplattformer, og alle verksemder har ansvar for å ha både teknologiske løysingar og kompetanse som gjer det mogleg å oppfylle lovkrava.

Vi gjer dykk merksame på at Stortinget i april i år behandla Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk. Propositionen slår fast at «som eit minimum skal alle departement og relevante statlege verksemder ha planar og rutinar for korleis dei følgjer opp sentrale føresegner i språklova. Det kan til dømes gjelde føresegner om veksling mellom nynorsk og bokmål og oppfølging av arbeidet med klarspråk». Høgskulen på Vestlandet gjer mykje godt arbeid for jamstillinga mellom målformene, og det skal de ha ros for

(henta frå brev frå Språkrådet 3.6.2021)

Målbruksrapport for Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Bruk av nynorsk og bokmål på nett

Domenenamn	Dokumenttype	% nynorsk	% bokmål
aktivitetskassen.no	Word-dokument	20,63 %	79,37 %
aktivitetskassen.no	nettseite (HTML)	24,14 %	75,86 %
aktivitetskassen.no	PDF	0,0 %	0,0 %
aktivitetskassen.no	samla	24,13 %	75,87 %
ebpsteps.no	nettseite (HTML)	0,0 %	100,0 %
ebpsteps.no	samla	0,0 %	100,0 %
hvl.no	Word-dokument	29,07 %	70,93 %
hvl.no	nettseite (HTML)	45,32 %	54,68 %
hvl.no	PDF	48,88 %	51,12 %
hvl.no	samla	47,43 %	52,57 %
kulturped.no	nettseite (HTML)	53,24 %	46,76 %
kulturped.no	PDF	11,21 %	88,79 %
kulturped.no	samla	15,35 %	84,65 %
mhfa.no	nettseite (HTML)	11,73 %	88,27 %
mhfa.no	PDF	27,37 %	72,63 %
mhfa.no	samla	20,98 %	79,02 %

* Tabellen viser bruken av bokmål og nynorsk i tråd med mållova. Kontakt oss gjerne viss de òg vil ha statistikk over bruken av samisk på nett.

Bruk av nynorsk og bokmål i sosiale medium

	% nynorsk	% bokmål
Facebook	83,7 %	16,3 %
Twitter	60,0 %	40,0 %

Bruk av nynorsk og bokmål i skjema / digitale sjølvbeteningsløysingar

På nynorsk	På bokmål	I begge målformer
18	15	83,3 %

Språkpolitisk utval er i dialog med fagmiljøa som har nettsider som bli fanga opp av Målfrið, og som ikkje oppfyller målkrava.

Digitalt nynorskkurs med Språkrådet

I november 2020 fekk 13 tilsette ved Høgskulen på Vestlandet høve til å vere pilot for Språkrådet sitt nye, digitale nynorskkurs. I september 2021 gjennomførte ei ny gruppe med HVL-tilsette dette kurset. Erfaringa viser at dette er eit nytig kurs som får gode tilbakemeldingar. Utvalet ser at høgskulen også har interne ressursar som det kan vere mogleg å ta i bruk ved behov.



Skjermdump – digitalt nynorskurs (november 2020)

Norskurs for tilsette som ikkje har norsk som morsmål

Høgare utdanning og forsking vert i aukande grad internasjonalisert. Det gjeld også ved Høgskulen på Vestlandet. Internasjonaliseringa fører til auka rekruttering av undervisnings- og forskarpersonale som ikkje har norsk som morsmål. I HVL sine språkpolitiske retningslinjer står det at «fast tilsette ikkje-skandinavar i faglege eller administrative stillinger skal kunne utføre arbeidet sitt på norsk etter nokre år i stillingane. Kunnskapar i norsk munnleg og skriftleg er mellom kriteria som skal leggjast til grunn for tilsetjing i faste stillingar. HVL skal tilby gratis kurs i norsk, både nynorsk og bokmål.»

I 2020 fekk Avdeling for HR på plass ein avtale om nivåtilpassa, digitale kurs ved Nygård skole i Bergen. I 2020 var det 18 kursdeltakarar frå HVL, medan talet i 2021 var heile 38 deltararar.

Fleire tilsette ved HVL følger også NTNU sitt digitale opplegg for norskopplæring. Dette tilbodet er omtalt i medarbeidarhandboka, som er tilgjengeleg på Vestibylen.

FLKI vedtok eigne retningslinjer for norskopplæring for tilsette med internasjonal bakgrunn 30.11.2020. Seniorrådgivar ved FLKI, Reni Paula Herland, deltok på møtet i språkpolitisk utval 24.9.2021. Ho heldt eit inspirerande innlegg om korleis FLKI har arbeida med norskopplæring for internasjonalt rekrutterte tilsette ved fakultetet. Utvalet ser det som positivt at HVL er ein lærande organisasjon som deler på tvers.

Ny språklov – mønsterpraksis for språkarbeid

8. april 2021 vedtok Stortinget lov om språk (språklova). Med den nye språklova, som har verknadstid frå 1.1.2021, har Noreg for første gong fått ei heilskapleg språklov som skal gjelde for alle sektorar, og som skal styrke norsk språk på alle samfunnsområde.

NTB Arkitekst fekk i 2021 i oppgåve frå Språkrådet å utarbeide ein mønsterpraksis for språkarbeid i samband med den nye språklova. Høgskulen på Vestlandet blei invitert til å delta på eit intervju om korleis HVL jobbar med nynorsk spesielt, og kvifor vi lukkast med dette arbeidet. Avdelingsleiar Svein Ove Eikenes og rådgivar Elin Espe Stensvand deltok på intervjuet. HVL vil bli nemnt som eksempel i mønsterpraksisen når den blir lansert.

Universitetsnamn

Rektor sette i mai 2021 ned ei arbeidsgruppe som skulle leie prosessen med å kome fram til eit grundig avgjerdsgrunnlag for nytt namn på det nye universitetet på Vestlandet. Språkpolitisk utval var representert i gruppa ved Eli Bjørhusdal og Elin Espe Stensvand.

Hausten 2021 var i oktober 2021 det ein brei namneinnspelsrunde, der tilsette, studentar og einingar ved høgskulen fekk moglegheit til å melde inn namneforslag.

Arbeidsgruppa leverte rapporten sin i desember 2021. Der peika dei på fire moglege namn på det nye universitetet. Desse namna er:

- Universitetet på Vestlandet
- Universitetet i Vest
- Vestlandsuniversitetet
- Fjorduniversitetet

Toppleiinga ved HVL arbeider vidare med saka i samspel med viktige målgrupper og samarbeidspartnarar. HVL vil også ha dialog med Språkrådet før namnet blir endeleg vedtatt i Høgskulestyret.

Nynorsk læringsplattform

Høgskulelektor og Canvas-administrator Aasmund Kvamme deltok i møtet i språkpolitisk utval 22.11.2021 for å orientere om at læringsplattformen Canvas ikkje offisielt støttar nynorsk, og at arbeidet med å omsetje frå bokmål til nynorsk blir i dag gjort på dugnadsarbeid av nokre få tilsette ved HVL og UiB. I 2024 går rammeavtalen med Canvas ut, og ein ny avtale om læringsplattform skal ut på anbod og på plass. Dette er eit høve for HVL (og sektoren) til å stille krav til den nye avtalen om

at læringsplattformen bør vere på nynorsk. Språkpolitisk utval diskuterte saka og vedtok å fremje eit standpunkt om dette, og ta saka vidare til toppleiringa.

Arrangement og innlegg

Diku-rapport: "Språkstrategiar i høgare utdanning"

Diku fekk i 2020 i oppdrag å ta ein gjennomgang av språkstrategiane for universitet og høgskular. Formålet var å gi departementet ei fagleg vurdering av korleis UH-institusjonane utøver ansvaret for norsk som fagspråk, samtidig som dei også skal legge til rette for internasjonalisering. HVL sitt språkarbeid fekk gode tilbakemeldingar i Diku-rapporten.

Diku la fram hovudfunna sine frå rapporten på eit nettmøte 8. april 2021. I møtet deltok rektor Gunnar Yttri i ein panelsamtale om språk i UH-sektoren.

UiB-webinar om språkpolitikk: «Fra prinsipp til handling»

11. mai 2021 deltok leiar for språkpolitisk utval, Liv Reidun Grimstvedt, på eit UiB-webinar om språkpolitikk. Temaet var korleis UiB skal sette dei språkpolitiske retningslinjene sine i verk, og Grimstvedt blei invitert for å fortelje om HVL sine erfaringar med å arbeide med språkpolitikk i organisasjonen.

LNU-landstinget

22. september 2021 deltok rektor Gunnar Yttri med eit innlegg på Landssamanslutninga av nynorskkommunar sitt landsting. Temaet var kva HVL kan gjere for å sikre at kommunane får godt kvalifiserte nynorskbrukarar i framtida, kva som kan gjerast for å styrka norsk, og nynorsk spesielt, i akademia – og kva som er viktig for å sikra nynorsken i framtida.

Språkdebatt: God norsk ved HVL

30. september 2021 deltok leiar for språkpolitisk utval, Geir Kåre Resaland i ein paneldebatt i regi av Forskningsdagene. Temaet var målform, normval og ratingslinjer for bokmål og nynorsk ved HVL.

Språkressurside på intranett

The screenshot shows a web page titled "Språkressursar og språkarbeid". At the top, there are four icons representing books and a smartphone. Below the icons, the page is divided into several sections: "Språkhjelp og skriveressursar for HVL-tilsette", "Rapport frå kartlegging av parallellspråkbrukne ved HVL", "Digitalt nynorsk kurs", "Språkarbeid ved HVL", "Språkpolitiske retningslinjer for HVL", and "Språkpolitisk utval". The page has a light blue header and footer, and a white main content area.

I 2019 blei det oppretta ei språkressursside for tilsette på intranettet Vestbylen: www.hvl.no/sprak.

Desse sidene skal sørge for at dei tilsette lett skal kunne finne til dømes ordbøker, omsetjingsressursar og nyttige lenker til kurs og språkhjelp. Tiltaket har fått gode tilbakemeldingar, og tala viser at ressurssidene er i bruk. Det kan sjå ut til at sida om språkvask og omsetjing er den mest brukte. Arbeidet med å utvikle sidene held fram vidare.

Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, er ein kulturinstitusjon som gjennom kulturformidling og kunnskapsutvikling arbeider for ein kulturell fellesskap i Noreg der det språklege mangfaldet er sjølvsagt. Høgskulen på Vestlandet har oppnemnt rektor Gunnar Yttri og førsteamanuensis Eli Natvik som høvesvis rådsmedlem og varamedlem i Nynorsk kultursentrum i perioden 1.1.2022–31.12.2023.

UHRs termgruppe

UHRs termgruppe forvaltar UHRs termbase, som er ein språkressurs for engelsk, bokmål og nynorsk med studie- og forskningsadministrative termer for universitets- og høgskolesektoren.

Førsteamanuensis ved HVL, Rune Herheim, er oppnemnt som varamedlem i gruppa i perioden 1.1.2022–31.1.2025.

Vegen vidare – prioriteringar for 2022

Tidelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet for 2022 går lenger enn tidlegare i å sette språkpolitikk høgare på dagsordenen. Det blir viktig for høgskulen å finne ei god form for språkpolitikken vidare, og ein bør sjå arbeidet inn mot den høgskulen sin nye strategiske plan.

I alt språkpolitisk arbeid er det viktig for språkpolitisk utval å samarbeide med aktuelle einingar, både internt og eksternt.

Planlegging og gjennomføring av språkpolitiske tiltak ved HVL skjer i samarbeid med andre einingar og organ ved høgskulen. I praksis vil dette seie at Språkpolitisk utval jobbar i linja, gjennom fakulteta og dei ulike einingane ved HVL.